

MØTEBOK

Organ	Hovudutval for næring og kultur
Møtestad	Førdehuset
Møtedato	31.01.2017
Kl.	10:00 – 15:45

Faste medlemer til stades:

Karen Marie Hjelmeseter, Sp, leiar
Jakob Andre Sandal, SV, nestleiar
Aleksander Øren Heen, Sp
Erlend Haugen Herstad, Sp
Hilmar Høl, Ap
Torbjørn Vereide, Ap
Anne Lilleaasen, H
Marita Aarvik, Frp
Jon Olav Kvamme, KrF

Forfall til møtet:

Varamedlemer til stades:

Til stades med møte- og talerett:

Fylkesdirektør Jan Heggheim
Ass. Fylkesdirektør Ingebjørg Erikstad

Sekretariat for møtet:

Helga Bjørkhaug

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møtebok frå 22.11.17 og 09.12.16 vart godkjend utan merknader.

Orienteringar:

Temadel om skogbruk i Sogn og Fjordane

- Presentasjon av Skognæringsforum og nøkkeltal for skogbruket i Sogn og Fjordane ved leiar i Sogn og Fjordane Skognæringsforum Lars Trygve Sæle og Merete Larsmon, fylkesmannen.
- Organisering av og utfordringar i Kystskogbruket i Sogn og Fjordane, sysselsetjing og verdiskaping i skognæringa ved Helge Kårstad, Kystskogbruket
- Tredivarprosjektet i Sogn og Fjordane ved prosjektleiar Ingunn Kjelstad

Orientering og omvising i Sogn og Fjordane Teater ved styreleiar Rasmus Mo, teatersjef Solrun Toft Iversen og direktør Margunn Grytten Selvik.

Orienteringar frå fylkesdirektøren:

- Kulturkonferanse 23. – 24. mars – tentativt program
- Budsjett 2017 – regionale utviklingsmidlar frå budsjettforliket i stortinget, vidare handsaming
- Museumsbygget «Kløften»– forprosjekt

SAK 1/17 Skriv og meldingar

VEDTAK:

1. Europeisk samarbeid - mogelege arenaer og finansieringskjelder
- 1a. Rapport til UD om fylka sitt europeiske arbeid
2. NORA- Nordisk Atlanterhavssamarbeid
3. Søknad om støtte til havfiskefestival 2017 - avslag
4. Fylkeskommunalt tilskot til reisemålselskapa i Sogn og Fjordane - fråsegn om fordeling av tilskot
- 4a. Melding om vedtak i sak 31/16
5. Søknad om kunstnarstipend 2015 - rapport frå Marius Moldvaer
6. Refinansiering utviding av Eikefjord Tømmerkai
7. Fylkeskommunen sitt engasjement i salsmesser
8. Avtale Bergen Filharmoniske Orkester, brev frå dei fire vertskommunane i fylket

Vedtak pkt 8: Hovudutvalet ber administrasjonen legge fram eiga sak som grunnlag for å vurdere vidareføring av avtalen.

SAK 2/17 Prioriteringar for kulturminneforvaltninga 2017

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for næring og kultur til å gje slik tilråding:
Hovudutval for næring og kultur rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune tek brevet frå Riksantikvaren av 16.12.16 om prioriteringar for kulturminneforvaltninga i 2017 til vitande.
2. Fylkeskommunen ser positivt på at delegering av nye oppgåver på kulturminnefeltet vert sett i samanheng med den føreståande regionreforma. Oppbygging av kapasitet og kompetanse til å ta imot nye oppgåver må sjåast i samanheng med omfanget av delegeringa og korleis dette vert kompensert frå staten sin side.

Endringsframlegg:

Framlegg frå Aleksander Øren Heen under pkt 2, første setning:
Punktum etter kulturminnefeltet.

Avrøysting:

Framlegget frå Aleksander Øren Heen vart samrøystes vedteke.

Tilrådinga frå fylkesdirektøren med vedteke endringsframlegg vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Hovudutval for næring og kultur rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune tek brevet frå Riksantikvaren av 16.12.16 om prioriteringar for kulturminneforvaltninga i 2017 til vitande.
2. Fylkeskommunen ser positivt på delegering av nye oppgåver på kulturminnefeltet. Oppbygging av kapasitet og kompetanse til å ta imot nye oppgåver må sjåast i samanheng med omfanget av delegeringa og korleis dette vert kompensert frå staten sin side.

SAK 3/17 Friluftsråd i Sogn og Fjordane

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesdirektøren rår hovudutval næring og kultur til å gje slik tilråding:

- 1 Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar kommunale initiativ til å opprette interkommunale friluftsråd i Sogn og Fjordane.
- 2 Sogn og Fjordane fylkeskommune bidreg til oppretting av friluftsråd gjennom informasjon og å etablere kontakt mellom Friluftsrådernes landsforbund og dei aktuelle kommunane.
- 3 Sogn og Fjordane fylkeskommune har ein ambisjon om stønad til oppstart av interkommunale friluftsråd i Sogn og Fjordane på inntil 25 000 kr pr. kommune som vert medlem. Dette under føresetnad av at vilkåra for stønad som er skissert i saka vert halde.
- 4 Sogn og Fjordane fylkeskommune har ein intensjon om 100 000 kr årleg driftsstønad til kvart friluftsråd. Dette under føresetnad av at vilkåra for stønad som er skissert i saka vert halde.
- 5 Det er usikkert kva omfang etableringa av friluftsråd vil få i 2017. Det vert sett av ei ramme på 200.000 kr dekkja av teneste 4005, til disposisjon for hovudutvala; hovudutval for næring og kultur. For seinare år vert etablering av friluftsråd og driftsstøtte til desse å innarbeide i budsjett og økonomiplan.

Endringsframlegg:

Hovudutvalet gjorde framlegg om å utsetje saka.

Avrøysting:

Samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Saka vert utsett.

SAK 4/17 Festivalstrategi

VEDTAK:

1. Hovudutvalet ber om at det vert utarbeidd ein festivalstrategi for Sogn og Fjordane. Formelt vert strategien ein del av framtidig regional plan for kultur.
2. Hovudutvalet legg til grunn at festivalar og kommunar vert involvert i arbeidet.
3. Festivalstrategien vert lagt fram for hovudutval for næring og kultur i mai 2017, med sikte på endeleg vedtak i fylkestinget i juni 2017.

SAK 5/17 Omstillingsløyvinga 2017

VEDTAK:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev Lærdal kommune ei løyving på inntil 3 500 000 kr til omstillingsarbeidet i 2017. Unytta omstillingsmidlar frå tidlegare års løyvingar vert godkjent overført til bruk i 2017.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune vil i eiga sak seinare i 2017 ta stilling til overføring av restmidlar omstilling 2017 til omstillingsføre mål i 2018. Deler av midlane kan øyremerkast omstillingsføre mål i Lærdal i 2018, som er Lærdal sitt siste omstillingsår.

Vilkår for omstillingsløyvinga

- Det skal leggest vekt på høg kvalitet og god styring i alle prosjekta. Innovasjon Norge sin prosjektleiarprosess (PLP – prosjektlederprosessen) skal nyttast i alle prosjekt
- All støtte til bedrifter skal vere i samsvar med EØS-avtalen sine retningslinjer om offentleg støtte til næringslivet
- Vilkår elles går fram av tilsegnsbrevet

Vilkår for øyremerking av omstillingsmidlar til Lærdal 2018

- At kommunen har realistiske planar med innhald og kostnader som tilfredsstillar retningslinjene for omstillingsløyvingar (kap 550 post 60), og at kravet om lokal medfinansiering er oppfylt.

SAK 6/17 Føringer for verkemiddelbruk 2017 Innovasjon Norge Sogn og Fjordane. Oppdragsbrev 2017

VEDTAK:

1. Hovudutval for næring og kultur godkjenner tilsegnsbrev og føringer 2017 – Oppdragsbrev til Innovasjon Norge Sogn og Fjordane slik det ligg føre i vedlegg 1.

2. Hovudutval for næring og kultur godkjenner retningslinjer for arbeidsdeling i finansieringssaker 2017 slik dei går fram av vedlegg 2.

SAK 7/17 Nye akvakulturoppgaver i samband med regionsreforma på Vestlandet

VEDTAK:

Hovudutvalet tilrår samrøystes å endre overskrifta på saka til:

Nye akvakulturoppgaver til fylka

Hovudutval for næring og kultur rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Akvakulturnæringa er ei viktig næring på Vestlandet. For at næringa skal kunne utvikle seg på ein berekraftig måte, meiner fylkesutvalet i Sogn og Fjordane at det er trong for auka regionalt sjølvstyre i akvakulturforvaltninga og samling av forvaltingsoppgåver under regional leiging.
2. På denne bakgrunn vil Sogn og Fjordane fylkeskommune at Vestlandet skal tilførast fleire akvakulturoppgaver frå regional stat.
3. Saka om nye akvakulturoppgaver vert å sende til regjeringa ved Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Nærings- og Fiskeridepartementet.

SAK 8/17 Avtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane – 2017-2018.

VEDTAK:

1. Avtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og UE vert godkjend.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å signere avtalen med Ungt Entreprenørskap, og til å gjere justeringar i avtaleteksten.

SAK 9/17 Val av styremedlem til Sogn og Fjordane Fondet AS

VEDTAK:

Fylkeskommunen sitt styremedlem i Sogn og Fjordane Fondet AS vert Jan Heggheim.

SAK 10/17 Fråsegn til Jordbruksmeldinga "Endring og utvikling - En fremtidsrettet jordbruksproduksjon" - Meld. St. 11 (2016-2017)

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for næring og kultur til å gje slik tilråding:
Hovudutvalet for næring og kultur rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Framtidig jordbrukspolitikk må ta i vare fylket og distrikta sin eksisterande bruksstruktur. Verkemidla må styrast slik at også små og mellomstore bruk vert tekne i vare.
2. Omsynet til kostnadseffektiv matproduksjon må ikkje gå føre dei langsiktige, overordna måla for landbrukspolitikken: Mattryggleik, landbruk over heile landet, auka verdiskaping og berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar.
3. Rammene for midlar til investering og bedriftsutvikling må aukast. Det er framleis viktig med regional forvaltning av IBU midlane, der detaljane i verkemiddelbruken vert fastlagt regionalt.
4. Det er positivt at auka produksjon så lang som mogleg skal skje med utgangspunkt i norske ressursar. Grovfôr og beiteressursar må nyttast i produksjonane. Ei betre utnytting av desse ressursane vil bidra til å hindre attgroing og stimulere til eit aktivt jordbruk.
5. Det bør framleis vere mogleg å produsere egg og geitemjølke i heile landet. Tilhøyrande marknadsordningar bør ikkje fjernast.
6. Dagens regioninndeling for omsetnad av mjølkekvoter bør ligge fast.
7. Det er viktig å sikre nok ressursar til rekruttering og kompetanseheving i landbruket. Velferdsordningar og inntektsmoglegheiter må også vektleggast i framtidig politikk.
8. Klima og miljøomsyn må vektleggast. Det er særleg viktig å sikre eit godt kunnskapsgrunnlag. Det må settast av tilstrekkelege ressursar dette. Det må og setjast av midlar til t.d. grøftetilskot. Kompensasjonsordningar for bonden som følgje av klimatiltak bør vurderast nærare.

Endringsframlegg:

H og Frp sette fram følgjande tilleggspunkt 9 i tillegg til tilrådinga frå fylkesrådmannen:

Det bør ligge fast ei målsetning om at flest mogleg i næringa kan være «heiltidsbønder». Tilskot til avløyning ved ferie og fritid er ei viktig velferdsordning for aktørane i landbruket og må haldas skilt frå husdyrtilskota.

Sp, Ap, Krf og SV sette fram følgjande endringsframlegg som heilskapleg erstattar tilrådinga frå fylkesrådmannen:

1. Framtidig jordbrukspolitikk må ta i vare fylket og distrikta sin eksisterande bruksstruktur. Verkemidla må styrast slik at også små og mellomstore bruk vert tekne i vare. Forenkling må ikkje gå på bekostning av treffsikkerheita i tilskotsstrukturen.
2. Den overordna målsetjinga kan ikkje vere «kostnadseffektiv matproduksjon». Målsetjinga for landbrukspolitikken må formulerast utifrå desse delmåla: mattryggleik, drivverdig landbruk i heile landet, høgast mogleg sjølvforsyning, auka verdiskaping, berekraft og reduserte klimagassutslepp.
3. Rammene for midlar til investering og bedriftsutvikling må aukast. Det er framleis viktig med regional forvaltning av IBU midlane, der detaljane i verkemiddelbruken vert fastlagt regionalt.

4. Det er positivt at auka produksjon så langt som mogleg skal skje med utgangspunkt i norske ressursar. Grovfôr og beiteressursar må nyttast i produksjonane. Ei betre utnytting av desse ressursane vil bidra til å stimulere til eit aktivt jordbruk og hindre attgroing.

5. Det må framleis vere mogleg å produsere egg og geitemjølke i heile landet. Tilhøyrande marknadsordningar-må ikkje fjernast. Marknadsreguleringsordninga for korn må vidareførast.

6. Dagens regioninndeling for omsetnad av mjølkekvoter må ligge fast.

7. Det er viktig å sikre nok ressursar til rekruttering og kompetanseheving i landbruket. Avløysartilskotet må vidareførast i dagens system, og ikkje leggast om til ein del av produksjonstilskotet. Det må og sikrast moglegheiter for tidlegpensjon slik at nye generasjonar kan sleppe til i landbruket.

8. Klima og miljøomsyn må vektleggast. Det er særleg viktig å sikre eit godt kunnskapsgrunnlag. Det må settast av tilstrekkelege ressursar dette . Det må og setjast av midlar til t.d. nydyrking og grøftetilskot. Kompensasjonsordningar for bonden som følgje av klimatiltak må vurderast nærare.

Avrøysting:

Det vart røysta over tilrådinga frå fylkesrådmannen og endringsframlegget frå H og Frp. Endringsframlegget fekk to røyster og fall.

Endringsframlegget frå Sp, Ap, Krf og SV vart vedteke med 7 røyster. H og Frp røysta imot.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Hovudutvalet for næring og kultur rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Framtidig jordbrukspolitikk må ta i vare fylket og distrikta sin eksisterande bruksstruktur. Verkemidla må styrast slik at også små og mellomstore bruk vert tekne i vare. Forenkling må ikkje gå på bekostning av treffsikkerheita i tilskotsstrukturen.

2. Den overordna målsetjinga kan ikkje vere «kostnadseffektiv matproduksjon». Målsetjinga for landbrukspolitikken må formulerast utifrå desse delmåla: mattryggleik, drivverdig landbruk i heile landet, høgast mogleg sjølvforsyning, auka verdiskaping, berekraft og reduserte klimagassutslepp.

3. Rammene for midlar til investering og bedriftsutvikling må aukast. Det er framleis viktig med regional forvaltning av IBU midlane, der detaljane i verkemiddelbruken vert fastlagt regionalt.

4. Det er positivt at auka produksjon så langt som mogleg skal skje med utgangspunkt i norske ressursar. Grovfôr og beiteressursar må nyttast i produksjonane. Ei betre utnytting av desse ressursane vil bidra til å stimulere til eit aktivt jordbruk og hindre attgroing.

5. Det må framleis vere mogleg å produsere egg og geitemjølke i heile landet. Tilhøyrande marknadsordningar-må ikkje fjernast. Marknadsreguleringsordninga for korn må vidareførast.

6. Dagens regioninndeling for omsetnad av mjølkekvoter må ligge fast.

7. Det er viktig å sikre nok ressursar til rekruttering og kompetanseheving i landbruket. Avløysartilskotet må vidareførast i dagens system, og ikkje leggast om til ein del av produksjonstilskotet. Det må og sikrast moglegheiter for tidlegpensjon slik at nye generasjonar kan sleppe til i landbruket.

8. Klima og miljøomsyn må vektleggast. Det er særleg viktig å sikre eit godt kunnskapsgrunnlag. Det må settast av tilstrekkelege ressursar dette . Det må og setjast av midlar til t.d. nydyrking og grøftetilskot. Kompensasjonsordningar for bonden som følgje av klimatiltak må vurderast nærare.
